



UTDANNINGSDIREKTORATET  
Schweigaards gate 15B  
0191 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Jorunn Øen Nesje, 71 25 85 65

## Nominasjon til Dronning Sonjas skolepris 2025

Vi syner til utlysing av Dronning Sonjas skolepris 2025 på Utdanningsdirektoratet sine heimesider. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vil med dette nominere to skolar frå Møre og Romsdal. Begge skolane syner i sine søkeresponser at dei arbeider i tråd med kriteria for prisen.

Dei nominerte er:

1. Allanengen skole, Kristiansund kommune
2. Haramsøy skule, Haram kommune

### Allanengen skole, Kristiansund kommune

#### Kort om skolen

- ✓ Allanengen skole har rundt 220 barn på 1.- 7. trinn.
- ✓ Skolen har ansvar for opplæringa av nyankomne minoritetsspråklege barn i kommunen, og har 3 mottaks klassar/innføringsklassar.
- ✓ Ca 60 % av elevane er fleirspråklege eller på veg til å bli det.
- ✓ Det er 40 tilsette ved skolen.

#### Grunngjeving for nominasjon

Allanengen skole har gjennom fleire år arbeidd langsiktig og systematisk med eit læringsmiljø som fremmer både fagleg og sosial vekst for alle elevar ved skolen. Skolen sin visjon er «Trivsel, kunnskap og mangfold i sentrum».

Det er ein gjennomgåande raud tråd i skolen sitt arbeid i alle ledd - frå visjon til praksis. Skolen dokumenterer i søkeresponser korleis dei gjennom målretta satsingar og eit sterkt samarbeid har skapt eit læringsmiljø der elevane føler seg sett, høyrd og ivareteke.

Skolen sitt verdihjul for mangfold, trivsel og å inkludere, er utarbeidd i samarbeid med tilsette på skole og SFO, elevar og føresette. Skolen er ein «Vi-skule», der tilsette, elevar og føresette har eit felles ansvar for skolemiljøet, felles ansvar for at alle elevar får moglegheit til læring og utvikling, og eit felles ansvar for at alle elevar er inkludert og like mykje verd. Verdiane er skolen sitt kjenneteikn. Skolen arbeider med verdiar som peiker på elevane sitt beste, demokrati og medverknad, fellesskap og solidaritet, mot og sjølvstilling, samt likeverd og likestilling.



For å styrke arbeidet har skolen oppretta tre nye team – elevhelseteam, trivselsteam og miljørettleiarteam.

- ✓ Elevhelseteamet er eit tverrfagleg team som består av miljørettleiarar, inspektørar, helsejukepleiar, PPT, rektor og psykisk helseteneste for barn og unge. Formålet til teamet er å jobbe fremjande og førebyggande for alle elevar.
- ✓ Trivselsteamet har som mål å bidra til eit aktivt og demokratisk elevråd, vakse som trivselsansvarlege, elevar som trivselsleiarar og felles aktivitetar og rutinar.
- ✓ Miljørettleiarteamet består av barnevernspedagog, vernepleiar, sjukepleiar, ergoterapeut og barnehagelærar. Miljørettleiarane arbeider for at alle skal ha eit trygt og godt skolemiljø som fremmer helse, trivsel og læring jf. Opplæringslova § 12-2.

Skolen arbeider strukturer med varierte opplæringsarenaer som til dømes «Læring i friluft» i regi av Nordmøre og Romsdal friluftsråd og Bibliotekas (bibliotek på taket) som en uformell læringsarena, eit lærestad, verestad og pusterom.

Kompis er eit viktig integreringstiltak for innføringsklassen og er eit samarbeid mellom skolen og Kultureininga. Kvar tysdag er det gratis skolefrukost for alle elevane på skolen og i SFO har skolen fleirkulturell vennskaps kafé.

I 2024 opna dei «Gjenbruksleder». I «Gjenbruksleder» er det gratis å hente klede og utstyr og det er ope for føresette ein dag per veke. Dette er eit av tiltaka skulen har satt i gang for å utgjevne sosiale forskjellar.

Elevrådet på Allanengen er aktive. Dei er delaktige i fellessamlingar på skolen og arrangerer fotballturnering og kanonballturnering. Dei har mellom anna laga film om skolen sin visjon, arbeidd med MOT og laga filmsnuttar om mobbing.

Elevundersøkinga syner at elevane trivst godt og at dei opplever auka medverknad dei siste par åra. Statsforvaltaren har ikkje sett behov for tilsyn med skolen siste åra.

I sin søknad dokumenterer Allanengen skole at dei gjennomgåande – både i formelle og uformelle fora – har sterkt fokus på medverknad frå elevar, føresette, samarbeidspartar og frivillige. Dei utforskar nye måtar å organisere, arbeide og samarbeide på – og er i stadig utvikling for ein likeverdig og inkluderande skule.

#### *Konklusjon*

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har nominert Allanengen skole til Dronning Sonjas skolepris både i 2021 og 2023 – og vi gjer det med glede igjen no i 2025.

Gjennom søknadane desse åra har skolen dokumentert eit grundig og godt forankra arbeid som er i stadig utvikling. Ikkje minst er vi imponert over den gjennomgåande organiseringa av arbeidet, fokus på gode haldningar og skolen sin evne til å sjå moglegheiter til å styrke arbeidet med likeverd og det å inkludere på mange ulike formelle og uformelle arenaer.

Vi meiner skolen er ein svært god kandidat til Dronning Sonjas skolepris 2025.



## Haramsøy skole, Haram kommune

### Kort om skolen

- ✓ Haramsøy skole er ein kombinert skule, 1. – 10. klasse.
- ✓ Skolen har elevar frå alle Nordøyane.
- ✓ Skolen har 127 elevar.
- ✓ Det er 17 tilsette ved skolen.

### Grunngjeving for nominasjon

Haramsøy skole sitt motto er «*Sett og verdsett*». I det ligg det at alle ved skolen skal oppleve å bli sett, respektert og verdsett som den dei er. Visjonen deira er «*Ved Haramsøy skule skal alle oppleve fagleg og sosial meistring*».

Skolen har utmerka seg i arbeidet med å bygge eit trygt og godt læringsmiljø med fokus på likeverd og integrering over fleire år. Gjennom å bryte ned læringsmål i gjeldande læreplan, tenkje på tvers av fag og alder og lage ein variert skulekvardag for elevane har ein som mål å bygge eit godt læringsmiljø.

Skolen peiker særleg på viktige tiltak som

- ✓ elevamtalar mellom elev og lærar ca. annankvar veke
- ✓ fellespedagogisk plattform
- ✓ strategiplan og klasseutviklingsplan
- ✓ midttimar der klasser samarbeider på tvers – med mål om å skape relasjonar mellom elevar i ulik alder
- ✓ arbeid med MOT. Skolen blei årets MOT-skole i Møre og Romsdal i 2024
- ✓ UngMotivator der nokre elevar i 9. og 10. klasse har eit ekstra ansvar for å være gode rollemodellar for dei yngre elevane
- ✓ å være dysleksiskole sidan 2017
- ✓ deltaking i Erasmus +
- ✓ deltaking dei neste to åra i Læringsmiljøsenteret sitt prosjekt «*Bry deg*»
- ✓ samarbeid med barnehagane

Elevrådet gir gode tilbakemeldingar på at tilsette ved skolen har arbeidd med å lage eit trygt, fint og inkluderande miljø på skolen.

Skolen har gode resultat på elevundersøkinga og Statsforvaltaren har ikkje hatt behov for å føre tilsyn med skolen dei siste åra.

Samarbeidet mellom skole og heim er viktig. Haramsøy skole har fleire faste møtepunkt, felles foreldremøte og klasseforeldremøte. Skolen har ikkje berre arbeidd med å skape eit godt skolemiljø og relasjonar mellom elevar og tilsette, men også mellom skole og lokalsamfunn.

Prosjektet Camp Nordøyane har 4 hovudområde

- ✓ Camp klar – å hjelpe elevar med ufrivillig høgt skulefråvær tilbake til skolen
- ✓ Camp Nordøyane leirskole – leirskoletilbod for 7. klasse
- ✓ Camp 8 – to dagars opplegg for 8. klasse med formål om ein god start på ungdomsskolen
- ✓ Camp inspirasjon – arrangerer Erasmus +-kurs med tema inkludering og likeverd

### Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal nominerer Haramsøya skule til Dronning Sonjas skolepris.

Skolen har over år arbeidd med fokus på likeverd og å inkludere. Dei viser i søknaden korleis dei systematisk arbeider med haldningar, relasjonar, planverk og mange ulike praktiske tiltak for å sikre



elevane eit inkluderande, trygt og godt skolemiljø. Vi meiner skolen er ein god kandidat til Dronning Sonjas skolepris 2025.

Med helsing

Ann Lilly Inderhaug Orvik (e.f.)  
underdirektør

Jorunn Øen Nesje  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*